**Til:**

Alva Dubland Reime
Andrea Reime Tjøtta
Dag Roar Espe
Emma Tjelta Augheim
Frode Solberg Larsen
Irina Lye
June Rimestad
June Stensland
Martin Espe
Stine Karen Kjellås
Torgeir Erfjord Nærland 36 4365 NÆRBØ

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|---|
| | 22/16503 | 035 A20 | 19.05.2022 |

## Nærbø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 18.05.2022

Dato: 18.05.2022
Tid: Kl. 20.00 – 21.00

Desse møtte: Torgeir Erfjord, Stine Karen Kjellås, Alva Dubland Reime, Martin Espe, June Rimestad, Frode Solberg Larsen, Dag Roar Espe, Irina Lye, Reidar Håland, Linda Hadland Forsmo

Forfall: Emma Tjelta Augheim, Andrea Tjøtta Reime, June Stensland

**Saker:**

### 8/22: Godkjenning av referatet.

Godkjent

### 9/22: Godkjenning av saksliste.

Godkjent

### 10/22: Satsingsområder i utviklingsplanen for skuleåret 2022-23

Overordna mål er motivasjon. For å auke motivasjonen er satsingsområda til skulen for neste skuleår:

- Læringskultur
- Elevdemokrati og elevmedvirkning

### 11/22: Status avslutningsfest for 10.trinn.

Tysdag 21.juni kl 19.00-21.00. FAU har ansvar for å organisere denne.

**12/22: Status naturfagrommet.**

Skulen er meget fornøgd med å få nytt naturfagrom. Prosjektleiar har vore på skulen og hatt møte med rektor og nokre naturfaglærarar for å planleggje vidare løp. Prosjektet har ikkje blitt budsjettert med like mykje som ynskjeleg, men me håpar at det likevel skal bli eit godt nok oppgradert rom. Me håpar det er nok pengar til å kunne få avtrekk til kvar elevpult (tre elevar per pult - 10 pultar), slik at det kan drivast forsvarleg med dei forsøka som er anbefalt i læreplanen. Dette er prosjektleiar særs usikker på om han klarar å presse inn.

Inventar til rommet ligg ikkje i prosjektmidlene. Rektor har sendt forespørsel til skulesjef om å få støtte til å kjøpe inn møbler som me treng til naturfagrommet.

Arbeidet med å rive rommet startar rett etter elevane tek sommerferie.

**13/22: Resultat elevundersøkinga**

Kort gjennomgang. Betre resultat enn fjoråret, men skulen arbeider mot betre resultat til neste skuleår.

**14/22: Orientering frå politisk representant.**

Takka for å ha vore på synfaring på skulen med utvalet. Utvalet var på skulen 6.april og såg på kantina og uteområdet. Kantina var bra. Det vart teke opp ønskje om oppgradering av ny ballbinge.

**15/22: Eventuelt**

Det vart stilt spørsmål til politiker om det skal gjerast noko med gjerdet på innsida av hekken, langs vegen rundt skulen. Det heng og sleng. Han sjekker på neste utvalsmøte.

Han vil og sjekke opp i om støyskjerminga som var planlagt langs vegen rundt skulen er lagt på is, eller om det er ein plan om at dette arbeidet skal gjennomførast.

Detaljreguleringsplan nye loen:
https://www.ha.no/_f/p1/i5ef30ab2-b8b3-4530-b4a9-385401a188b4/03-plan-1185-planbeskrivelse.pdf

Referent: Linda Hadland Forsmo

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
administrasjonskonsulent

**Kopi til:**
Linda Hadland Forsmo
Rune Roaldsen
Waldemar Pettersen kommunalsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*